

Ågot Himle
Bordalsvegen 985
5708 Voss Tlf 477 18 800

Norges vassdrags- og energidirektorat

Kvanndalsvassdraget - Høyringsuttalelse

Les innlegget til Synnøve Kvamme i Hordaland på laurdag om forslaget til grunneigarane i Folkedal og Hardanger Energi om å leggja Kvanndalselva i røyr. Eit av dei «galne» forslaget til Hardanger Energi. Det er ikkje fyrste gong dei er ute på gummisolar og fosøkjer å tilrana seg vatn frå Kvitlar- og Bordalsfjella. Dei har tidlegare prøvd seg med både med Grønlivatne og Langsetvatne, men her måtte dei gje tapt.

Vatnet til Kvanndalselva kjem i hovedsak frå Bordalsfjella. Ei av hovudkjeldene kjem heilt frå Veskreshorga til Hanslavatnet, vidare til Øyaset og Almeningane før det kastar seg ut over Kvanngilsfossen og vidare nedover dalen. Furuvatne er ei anna kjelda. Herdebreida den tredje med Kvitaonæ som har store vassføringar frå heile austsida av dette fjellet. For ikkje å snakka om alt vatne som kjem frå Kistenuten i Saltgroa/Kyljo som går forbi Brennevinsteinane og andre grøve, Der forsvinn vatnet inn i Granvin. Eg vil påstå at det er Boralen som er kjelda til alt dette vatnet. Kva seier Bordalsgrunneigarane til det? Riktig nok skal «syskeneborna» våre i Granvin verta «syskena» våre etter kommunesamanslåinga, men på Voss er det då Voss Energi som rår grunnen. Bordalsvassdraget er og verna, men det fevner vel kanskje ikkje om alt vatnet som går sør?

Så vil Kvanngila som naturperle med alle sine planteartar og frodige natur forsvinna. Eg har vandra øverst i dalen nedover mot Holstø og vidare nedover. Det er ein trolsk følese, med bratte heng, fossande vatn og eit planteliv lik ein tropisk urskog. Men det ensar vel ikkje desse som trur at fellesressusane kan gje litt lommerusk som inntekt, før dei sel det til utanlandske kapitaleigarar.

Eg forstår det slik at organisasjonen Småkraftverk allereie er seld til desse.

Så no kan bordølene visa sin solidaritet med Kvanndølene og slå ring rundt elva og vatnet som er vår felleseiga, slik at me får bevare Kvanngila med sitt naturpreg og fossande vatn for våre etterkomarar. Eg håpa at Voss Naturvernforbund med Kåre Flatlandsmo i spissen tek initiativet til ein fellesaksjon for bevaring av dette unike vassdraget. Eg er med, men gamle kjerringar maktar ikkje så mykje lenger. Men eg ber om at folkedølene og Hardanger Energi held fingrane frå fatet til naboane i vest.

Eg ber om at Bordalen og Kvitlar Grunneigarlag ved leiar David Skjerven vert høyrd i denne saka.

Bordalen 4. nov 2017

Ågot Himle s.
bordøl

NB: Dette har og vert eit innlegg i avisa Hordaland, men litt redigert.
Kopi til Bordalen og Kvitlar grunneigarlag